

Tiltaksplan villrein

Setesdal Ryfylke villreinområde og Setesdal Austhei villreinområde

Statsforvalteren i Agder har invitert alle interesserte og berørte til å komme med innspill til tiltak som kan bedre forholdene for villreinen i Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområde, fram til 5. juni.

Vi har bedt om innspill både på tiltak som kan iverksettes relativt raskt, tiltak som krever nærmere utredning og planlegging og tiltak som krever endring i lov eller forskrift

Innspillene regnes som offentlig informasjon, og alle innspill som kommer inn vil bli publisert av oss i løpet av noen dager etter at vi har mottatt dem, normalt hver mandag og torsdag.

Mottatte innspill fram til og med 22.7.2023 da innspillsløsningen ble stengt:

ID: 2 **Innsendt av:** Anonym **Innsendt:** 12.05.2023

Regulering/styring av menneskeleg ferdsel er sentralt for å kunne gi villreinen ro og for at den skal kunne bevege seg mellom ulike funksjonsområde. Vegar inn i villreinområda må derfor vurderast nøye. Det er nyleg satt opp bom på vegen til magasinet Store Urar i Bykle. Ei tilsvarande regulering/bomming må vurderast på alle anleggsvegar i villreinområde. I Ullensvang kommune er det to anleggsvegar, ein til Kaldevatn med bom, og ein inn Blåbergdalen utan bomming. Ein bør sterkt vurdere bomming også av sistnemnde. Blåbergdalen og områda rundt er eit mykje brukt område for villreinen, særleg bukk. Menneskeleg ferdsel i området aukar i takt med hytteutbygging i Røldal. Det er særleg topptur til Knoda som er populært.

ID: 4 **Innsendt av:** Geir Josdal **Innsendt:** 16.05.2023

Det eg vil seie er at det som kan gjøre villreinen mer rolig er fks at sno slutter og ha kontroller ut gjennom hele vintetender som dyra går. I år fikk vi reinsdyr ned til oss trolig fra setesdal-vesthei sia eller de som vanligvis går med roskrepp og hilleknuten. De hadde ve i hele vinter og roa seg ned her nede på en hei som det all dri går verken folk eller skutertrafikk. Men i slutten av sesongen så var SNO med både helikopter lavt over bakken og nerme med skuter. Var selv vitne til dette i påsken da eg satt på en fjelltopp og så på ein flokk så kom helikopteret og skremte flokken som var der. Det var sent i påsken og da nerme kalving. Så mitt forslag er å prøve å få til at sno kan bruke hue litt selv og ikkje bare peise på for å ta folk som kjører snøskutet men også te ke litt på reinen som er her nede i strøke vårt/som var. De trenger ikkje vite allti hvor de går til en hver tid når de skremmer de sånt hver gang

ID: 5 **Innsendt av:** Bjarte Birkedal **Innsendt:** 16.05.2023

Hindre ferdsel og virksomt i villreinskjerneområde, dette må gjøres ved å stenge kraftveier/anleggsveier som går langt inn i området. Dette tiltaket må gjelde for både turister og oss som jakter å fisker. Hytter som ligger i trekkruter, kjerneområde og beiteområder bør flyttes så fort som mulig. Stier bør etableres i randsonen og eksisterende stier bør legges om viktige områder.

ID: 6 **Innsendt av:** Lars Christian Øystad **Innsendt:** 16.05.2023

Tida er inne for å gi tilbake til dyro og gi så det monar: Stenging av blåsjøvegen så langt vest som mogeleg.. Bruke turistnett sandsa- stranddalen for å komme seg inn i heio. Eg meiner å legge om turisløypa på vestsida av blåsjø vil føre til mykje større menneskeleg bruk av heile området. Flytting av turisløype bør medføre vegstenging.

ID: 7 **Innsendt av:** Anonym **Innsendt:** 16.05.2023

Reduser jakt eller avslutt all villrein akt I minimum 5 år. Jakt er største dødstrusel for tiden. Det kan vurderes økt rovdyr antall for å fremme genetisk helse i floken. Mange eksempler i USA hvor dette har bidratt til betydelig bedre økologisk helse

ID: 8 **Innsendt av:** Oddvar Skiftun **Innsendt:** 16.05.2023

For å gje villreinen mest muleg fred/ro, bør båtferdsel og fiske begrensast til ein 14-dagars periode. Dette i kombinasjon med å flytta hovudferdselsåra til vestsida av Blåsjø, vil gje villreinen betre vern og ro.

ID: 9 **Innsendt av:** Helge Hagen **Innsendt:** 17.05.2023

Det som eg ser på som ein viktig faktor er å gje reinen fred til å nytta beiteområdene den har nytta i tusener av år I dag så blir dessverre reinen uroa i stor grad av turisme og ikkje minst SNO sine tiltak i området Dette må det bli slutt på i den grad det i dag blir handsama så trur eg nok reinen har egen evne til å overleva som han har gjort i uminnelige tider

ID: 10 **Innsendt av:** Anonym **Innsendt:** 17.05.2024

Større andel bukkekort ifht simler/kalv. Flere simler gir flere dyr

ID: 11 **Innsendt av:** Anonym **Innsendt:** 17.05.2025

Har jakta nord i område Setesdal vest i snart 40 år. Har blitt mer og mer overbevist at i tillegg økt turisme og mer hyttebygging er det først og fremst det store antallet sau på beite som er det største problemet i fjellet. Om ikke sau beiter på de samme plantene som reinen så ødelegger de mye av de skjøre men veldig næringsfulle vekstene som reinen er så avhengig av. Hvis man tar en tur ut på de holmene som er i fjellvann og magasiner, der det aldri går sau, ser man et helt annet mangfold av vekster. Hadde vært interessant å fått litt forskning på dette

ID: 12 **Innsendt av:** Anonym **Innsendt:** 17.05.2026

Er etterhvert ein erfaren bruker av fjellet der jeg jobber mesteparten av vintrene i fjellet å er grunneier i Setesdal austhei ,har jaktet rein siden 70 talet det er stor foskjell på trafikken av turister å jegere i fjellet om høsten dette medfører at reinen blir sperret i enkelte områder så mitt forslag til dette er å forby hyttebygging over ei viss kotehøyde .Det er også alt for store kvoter som blir delt ut for jakt for det medfører enorm aktivitet av jegere å denne aktiviteten er hele jakta p.ga flytting av kort ifra sør der det ikke er rein til nord hvor det er alt for mye jegere å i tillegg blir jakta utvidet (noen områder) så reinen blir forstyrret i brunsttiden å kalvene blir senere født å dermed mindre til neste

høst. Det er også skammelig å dele ut simlekort da dårlige jegere skyter kalvsimler å kalvene går igjen å en sikker død imøte,har opplevd å se simle med 7 kalver etter seg som prøver å bli adoptert. Så konklusjonen min er Ikke hyttebygging over 750 m/oh mindre fellingsløyver å heller frie kort , å forbudt å overføre kort ifra andre vald .

ID: 13 **Innsendt av:** Anonym **Innsendt:** 24.05.2023

Naturen vil alltid tape så lenge det er penger å tjene på den. Den har ingen beskyttelse, vern betyr i praksis ingenting. Vannmagasinene må tappes ned for å få frem gamle ferdselsveier. DNT hytter ligger midt i kalvingsområder samt ferdselveier. Dyrene vil ikke krysse DNT stier - hytter og stier bør fjernes. Stadig hyttebygging og hytteturister legger ytterligere beslag og press på områder, her bør det reverseres. Reduksjon av snøscooterkjøring, lite hyggelig å stadig komme opp på en topp og se at det er helt nedkjørt av snøscooterspor. Droneovervåkning? Brokke-Suleskarveien oppleves svært trafikkert i tillegg til tungtransport. Har opplevd at simleflokkene krysser kort tid etter stenging 1. nov. Veien bør stenges permanent. Som jeger får en stor omsorg for denne arten, og er villig til å akseptere store endringer/tiltak.

ID: 14 **Innsendt av:** Oddvar Skiftun **Innsendt:** 24.05.2023

Streng regulering av ferdsel på Blåsjø. Fiske kan regulerast til 2-3 veker i juni/juli. Flytta merka turistrute til vestsida av Blåsjø. Inga hyttebygging i randsona. Streng praktisering av nyttetransport i luft og på veg.

ID: 15 **Innsendt av:** Øivin Robberstad **Innsendt:** 25.05.2023

Stenge anleggsveiene. Stenge turisthyttene Vassdalstjern, Hovatn, Kringlevatn og Storsteinen. Forby ferdsel rundt Steinbuskaret. Ingen hyttebygging lengre inn i fjellet. Det må etableres et område som kan kalle Villreinomrade, akkurat som vi har Verneområde SVR. Slik at det er entydig hvor villreinen oppholder seg og blir forstyrret. Dermed er det lettere å lage regler for vern og tiltak.

ID: 16 **Innsendt av:** Anonym **Innsendt:** 26.05.2023

Beste tiltaket vil vere å tappe ned vatna og gi fri ferdsel til reinen. Dei bryr seg lite om fotturistar. Og dersom stammen er truga, så er det meiningslaust med jakt. Vegbygging er sjølv sagt med på å frakte folk inn i heia, så kanskje må noko stengast

ID: 17 **Innsendt av:** Anonym **Innsendt:** 28.05.2023

Villreinen har ikke enten snøscooter eller helikopter som sin naturlige fiende, så Sno burde slutte med å merke/skyte villrein fra helikopter. Samme ved bruk av scooter for å hindre dyr i å blande seg ved andre stammer som ble gjort på Hovden og nordover. Da er det jo Sno som gjør att villreinen forbinder dette med frykt, og blir stresset.

ID: 18 **Innsendt av:** Gunnar Haugå **Innsendt:** 28.05.2023

Ikkje direkte eit «tiltak» for å forbetre dagens situasjon, men for å ikkje forverre det ytterligere bør alle planer/forsøk på landbasert vindkraft i Byglandsheiene og omegn skrinlegges og forbys

ID: 101**Innsendt av:** Kjell Ove Nærheim**Innsendt:** 29.05.2023

Vegen til Skreivatn burde vore stengt for allmenheten. Dette ville gjort heia større og minka ferdsla i Breiavad / Krossvassområdet som er mykje brukt av reinen tidlig på sommaren til dei blir for mykje forstyrra. Dette ville og letta trekket aust - vest i nordområdet.

Vegttunnel Øvre Moen til Oddatjønn burde vore gjenåpna og vegen på utsida tilbakeført. Dette ville over tid ført til at ein kunne fått reinstrekket på vestsida av Blåsjø til å fungera.

Eit anna tiltak ein kunne gjort var å ikkje brøyta vegen lenger enn til Øvre Moen. Dette hadde ført til seinare åpning og mindre forstyrning for reinen.

Når det gjeld turisthytter /linjer meiner eg at det beste for villreinen er å ha den på austsida som i dag med ein del justeringar. Storsteinhyttene burde vore fjerna og erstatta med ei ny lenger oppe i Storsteindalen. Sommarruta bør gå over Storvassdammen . Vinterruta som i dag. Kringlevasshytta burde vor stengt. Då hadde området rundt Gyvatn og Steinbuskardet fått liggja i fred.

Skulle ein ha flytta turistlinja til vestsida med ei ny hytte ville Hjelmelandsheia blitt svært tilgjengelig og reinen som tilheldt seg der ville blitt mykje forstyrra.

Eit anna problem med å flytta turistlinja til vest for Blåsjø er vinterruta. Dette trur eg det ikkje er tenkt på. Eg har kvista STF sine løyper nord og over Blåsjø i ca 35 år og kjenner området rundt Blåsjø svært godt. Sommarruta let seg nok gjera i praksis sjølv om den må gå ein del på veg og over Førrevassdammen. Vinterruta kan eg ikkje sjå for meg kor ein skal leggja slik at den blir god og trygg. Ein må kryssa Moajuvet ved Øvre Moen ,Førreskard og Førrejuv. Blåsjø kan ein ikkje rekna som trygg på vestsida og Førrevassdammen kan ikkje nyttast vinterstid. Då må ein lenger ned i juvet. Turistlinja frå Stranddalen til ei eventuelt ny hytte rundt Blåfjell ville vintertid blitt svært utfordrande og enkelte plasser rasfarlig. Spesielt opp og ned frå Øvre Moen og Førrejuv. Været på vestsida av Blåsjø er og stort sett dårligare enn på austsida.

ID: 102**Innsendt av:** Anonym**Innsendt:** 31.05.2023

Mye kan sies her, men i realiteten har vi tre faktorer som er praktisk mulig å gjøre noe med og som vil gi resultater raskt.

1. Jaktpress
2. Turisme/ferdsel
3. Sauebeiting

1: Her må forvalter ta mestedelen av ansvaret, men på samme tid må grunneier ta innover seg sin del av dette ansvaret – spesielt der Staten selv er grunneier. Med andre ord: Jaktpresset må ned. Antall kort, antall jegerne og tida jegerne får være i heia må reduseres.

2: DNT må forstå at fortsetter rovdrifta som i dag; så er det snart ingen vill natur igjen – det er alvoret og den enkle brutale sannhet. Utbygging, infrastruktur og ikke minst utstyr blir stadig «bedre», noe som igjen fører til at turer blir «kortere» og mindre krevende for hvert år som går. Det fører igjen til at flere kan gå lengre, og det som før var eksotisk og øde blir enkelt og folksomt (molltrødd) over tid (før det faktisk slår om og blir øde igjen, uten både folk og Villrein ...). DNT må innse at den største trusselen villreinen står ovenfor er det faktum at den ikke får være i fred. For at villreinen skal få være

i fred må færre folk ferdes i de områder hvor villreinen er, vil gå og kan være. I praksis bør det gjøres følgende:

- Steng hytter i store deler av året. Bossbu, Svartenut, Heibergtunet og Stavskar. Åpent for turister kun i Januar, Februar, Juli, November, Desember.
- Legg om, steng turistløyper og fraråd ferdsel: Alle ruter ut av Bossbu, Heibergtunet og Storsteinen. Motorveiene i heia må bort. Konstant trafikk langs en fast rute fungerer faktisk bedre enn et fysisk gjerde i heia.
- Stopp oppkjøp, bygging og renovering av hytter. Hyttetilbudet er i dag alt for godt (sett med veillreinens øyne).
- Begrens proviantering.

For alt i verden, ikke fortsett med symboltiltak slik som å flytte Øyuvsbu (snakket om i over 20år!), stenge Josefsbu osv. Turistnæringen med DNT i spissen må gjøre tiltak som faktisk funker, nå med en gang. Vet dem ikke hva som skal til, søk råd fra riktig hold.

3: Trenger ikke utbroderes. Drastisk reduksjon av antall sau i heia, strenge begrensninger for innslipp og tidlig sanking. Dette punktet er såpass betent, og en må raskt i skyttergraven for å vise til noe uklar forskning her og der, som igjen fører til at det alltid ser vanskelig ut å komme med konkrete løsninger. Derfor stiller jeg meg spørsmålet, har vi råd til å forsøke videre med dagens løsning? Mitt svar er et rungende NEI. Her har vi bare en sjans, og det krever handling nå – også fra beitenæringen. Brutalt og enkelt, tilrettelegg for beiting i lavereliggende strøk og heimejorder, om nødvendig reduser antall.

X: Til sist må Brokke-Suleskarveien nevnes. Her har vi utrolig nok en (i mine øyne) lavt hengende frukt rett foran oss. Igjen vanskelig, dyr og komplisert på så mange måter, men likevel det eneste virkemiddelet som faktisk kan utvide villmarka der Villreinen trives. Jeg kan vanskelig se noe annet tiltak som ville vært bedre, mer effektivt og målrettet for Villreinens rike enn å grave av vegen etter broa ved innkjørselen til dammen på Rosskrepp. Flere andre synergier hadde en fått på kjøpet her, ikke minst for turismen. Det som før var korte turer for småbarnsfamilier, hadde blitt lange eksotiske turer i Norsk Villmark. Sug litt på den karamellen der ...

ID: 19

Innsendt av: Lars Johan Skjeggedal

Innsendt: 02.06.2023

Innspill i forhold til Setesdal Austhei. De områdene jeg kjenner best, grenseområdene mellom Åmli, Froland og Bygland var i en lang periode fast brukt av villreinen på vinterstid / tidlig vår. I Skjeggedal var villreinen å se hver vinter frem til for ca 10 år siden. Områdebruken til villreinen endrer seg i perioder og disse sørlige kan igjen bli aktuelle for vinterbeite. Det betinger imidlertid at enorme områder for vindkraft i disse områdene ikke realiseres. Befjell vindkraftverk i Froland, Bjørnstigfjellet vindkraftverk i Åmli og Froland, Lauvdalsheia vindkraftverk i Bygland og Urdehei vindkraftverk i Bygland ligger alle i det sørlige utbredelsesområdet til villreinstammen i Setesdal Austhei.

ID: 103

Innsendt av: Anonym

Innsendt: 04.06.2023

Forslag til tiltak:

- **Streng regulering av trafikken på adkomstveier i villreinområdet.** Ferdsel ut fra adkomstveier og den lette tilkomsten disse gir har vist seg å være den faktor som alene gir mest av den problematiske

ferdsel for villrein. Mer konservative regler og håndheving av reglene kan begrense denne ferdselen. Gjelder særlig veiene til og rundt Blåsjø og Store Urar.

- **Stenging og tilbakeføring av veien til Skreivasskleivane.** Veien til Skreivassdammen gir lett tilgang til den indre kjernen av villreinområdet og ein sentral passasje og korridor mot vest. Veien kan tilbakeføres eller stenges permanent.
- **Regulering av jakt.** Jaktforbudsoner i sårbare passasjer, begrenset jakt i viktige områder og fredning i områder en ønsker reetablering. Kan reguleres ved reduserte kvoter, færre antall jegere, kortere jakttid, begrenset tilgang via veier eller hytteutleige etc.
- **Reduksjon av ferdsel på Blåsjø og/eller andre store vannveier.** Tilkomst med motorbåt på Blåsjø, Rosskreppfjorden og Svartevassmagasinet gir tilgang og auka ferdsel med folk i indre deler av villreinområdet. Kan lett reguleres ved å stenge veiene inn til vannene og stenging av båtramper. Evt. eit lovhjemlet forbud.
- **Innstramming av motorferdsel.** Omfanget av motorisert ferdsel (snøskuter) kan og bør begrenses. Rettighetshavere som gis dispensasjon bør overvåkes nøye og omfanget/antall turer bør begrenses.
- **Utredning av beitedyrs konsekvenser for villreinen.** Beitedyr (stor- og småfe) sin effekt på villreinen bør utredes og evt. reguleres.
- **Stenging av Brokke- Suleskarveien.** Radikalt og kontroversielt å stenge den permanent men kortere åpningstid, stenging i viktige trekkperioder, utbedring langs veien for å lette trekkmulighetene eller lignende bør vurderes.
- **Stopp for all hyttebygging i villreinområdet og i randsonene inntil villreinområdet.** Dagens hyttebygging er arealkrevende, øker ferdselen lokalt og utvider områdene som går ut av bruk for villreinen.

ID: 20

Innsendt av: Ånund Flateland

Innsendt: 04.06.2023

Innspel til tiltaksplan for Setesdal Austhei

Me nærmar oss eit vegskilje på kor mykje av Setesdal Austhei villreinen bruker som beiteområdet, men fyrst noko historie. Då jakta på Austheia starta i '81 så sto mest alle dyr langt sør i heia, for oss på SA 9 (Bjørnevassområdet) var det ikkje vits å reise på jakt før tredje helga i jakta. Grunneigarlaget her vedtok at det ikkje var lov å jakte rype før etter at reinsjakta var ferdig. Dette fordi at vald lengre sør slepte inn rypejegerar og her skulle det vere roleg slik at ein fekk dyra opp så tidleg som mogleg, dette med tanke på at ein skulle kunne skote vaksne bukkar før dei gjekk i brunst. Gradvis fram mot fredinga rundt årtusenskiftet byrja dyra og trekkje tidlegare og tidlegare nordover, og me hadde dyr heile jakta rundt fredningstida. Dette enda med at utsettinga av rypejakta opphøyrd tidleg 2000 tal i SA 9. Trenden med at dyra trekkjer tidlegare og tidlegare nordover har berre forsett og som me kjenner til i dag så trekkjer dyra opp i nordområdet før jaktstart. Då jakta starta 20. august i 2022 var det for fyrste gang i historia at alle dyr hadde trekt nordom Fv 450 før jakta starta. I år har det vore fleire flokkar som har kalva rundt Ljom på SA10. Så langt nord på sør-området har det ikkje tidlegare forkomme kalving. Kalvingsområda er plassar der dei enkelt kan trekkje ned i lågare områder med mindre snø/bart og som har skog som dei kan skjule seg i for å kalve. Dei siste åra har kalvingsområda vore aust for Stavatn(sa10) og/eller aust for Valevatn (sa11), der kan dei kjapt trekkje ned i Finndalen der det er mindre snø/bart og meir skog. Dette er ei forsvarsmekanisme for å skjule seg eller gjere det vanskelegare for rovdyr, spesielt ørn. Når eg har vore ute å sett etter reinsdyr, ser ein at det heng som

regel 2,3,4 ørner over dei. At eg meiner at me nærmar oss eit vegskilje no, er fordi no er kalvingsplassane så langt nord som det gjeng ann, for å opp fylje desse kriteria. Held trenden på at dei flytter kalvingsområda lengre og lengre nord, så ser ikkje eg nokon plass lengre nord og som likevel er sør for Fv 450 enn det området dei har kalva på i år. Neste eigna kalvingsområde trur er blir på grensa mellom SA4 og SA9, rundt Nasefjell og Bjørnarådalen, og då er med på nord-området.

Vårtrekket

Eg meiner det er vårtrekket sørover til kalvingsområda er det som er kritisk for dyra, det er då dei er mest sårbare. Hovudtrekket sørover forbi Bjørnevatn har vore stabilt og er mellom 20. april til 1. mai, og er det ein må sjå mest på når det gjelder tiltaksplanen for Austheia. Trekket forbi Bjørnevassområdet er vest for Store Bjørnevatn og dette er ruta som blir brukt til både vår og haust trekket. Ein kan vel mest seie at det er her trekket mellom nord og sør har vore dei seiste 10-15 åra. Kvifor dyra ikkje trekkjer lengre sør i sør-området er det stor spørsmålet. Menneskeleg aktivitet kan det ikkje vere, fordi det er vel ikkje månad med mindre folk i heia enn i mai månad. Då er det slutt på å kjøre skoter, heievegane er ikkje blitt bare og snøen er «rotten». Eg trur det er noko med klimaet og at forvaltninga kan ha vore med på å forsterke dette. Med det meiner eg at i dei åra med høge kvotar for å redusere bestanden på Austheia, har randområda, eller dei områda som ikkje er i kjerneområda, hatt like store kvotar. Då meiner eg at dei tradisjonsberarane som trekte langt ut i sør-området er skotne ut. Her kan ein trekkje lik heiter til ein sauebonde. Dei sauene han sender på heia om sommaren og som reiser langt, blir sendt til slakt når hausten kjem.

Innspel til tiltak:

GPS-merking

GPS-merking av fleire simler for å fye med på trekk, kalvingsområde og bruken av sør-området meiner eg er det viktigaste tiltaket ein må gjere. Spesielt no når det er så uvist med kor vegen gjeng vidare. Dette vil også vere til god hjelp for forvaltninga av stamma og samtidig gjeve oss mykje informasjon om utviklinga.

Reduksjon av bestand

Med så stor vinterbestand som me har hatt dei siste åra, og at dei bruker maks 3 månader av året i sør-området, er eg skeptisk til om det er nok vinterbeite i nord-området. Eg er ingen biolog, men eg ser tydeleg forskjell på beite på nordvendte og sørvendte områder, på nord-området til SA9. Når dyra er så mykje av året i nord-området, trur eg det er større sjans for at når matfatet er tomt så reiser dyra over til vestheia i staden for å trekkje ut i sør-området. Eg meiner at ein må redusere vinterbestanden i neste bestandsplan til ein plass mellom 800 og 1000 vinterdyra.

Skiløyper/ turisthytter

For å gjere vårtrekkjet enklare for reinsdyra, så må ein sjå på nokre av dei oppkøyrdde og stikka løypene. Det burde vere eit samarbeid mellom SNO og Bjørnevatn løypelag om ein reduksjon av løypa nord for Blåsteinsåne når dyra nærmar seg Bjørnevassområdet, samt og oppmode hyttefolket til redusert aktiviten i dette området på denne tida av året. Den stikka løypa mellom Store Bjørnevatn og Berdalen bør leggjast ned og kanskje sjå på ei stenging av Berdalsbu i mars og april. Ferdsla denne genererer er direkte i vårtrekkområdet og i dei smale passasjane med høghei der Nauteberdalen og Folurdalen strekker seg mot Setesdalen. I tillegg bør ein sjå på ferdsla vinterstid rundt Auversvatn og Tjønnbrotsbu då gps data seier at dette er kjerneområdet vinterstid.

Politi, Forsvar og Raude kors.

Ein ser at det er ein del aktivitet vinterstid frå desse aktørane når det gjeld øvingar. Dette vere seg skred kurs, vinterøvingar ol. At området rundt Auversvatn/Geiskelid blir bruka til dette er heilt

uskjøneleg. Ein må riktig spørje seg, KOR har Statens Naturoppsyn vore når det gjeld denne bruken? Er det ikkje akkurat slike ting dei skal fylje med på? Kvifor ikkje finne ein lokasjon der det ikkje kjem i konflikt med villreinen, som til dømes rundt skisenteret på Hovden.

Forvaltning og flytting av kort

Valdet SA 9 er delt av fv 450, ein del i nord og ein del i sør. På grunn av denne vegen er valdet lett tilgjengeleg, noko som har resultert i at det har vore mange jegerar samtidig i området når det har vore høge kvotar. I SA 9 har det ikkje vore lov å bruke kort som er tildelt andre vald, men når det er så lett tilgjengeleg blir det lett for folk å dra på jakt fleire dagar. I dei åra med høge kvotar ser ein resultatet av mange jegerar i terrenget. Spesielt i helgane var det folk på kvar haug, og dyra blei skotne på kontinuerleg. Dyra var på føtan og var stressa frå morgon til kveld. Dette meiner eg gjeng ut over dyrevelferda. Austheia er så lita at sal og overføringar av kort ikkje skulle vore lov, fordi dette gjev ei opphoping av jegerar der dyra er. Det at felte dyr blir registrert i det valdet det er tildelt i og ikkje det valdet det faktisk blir felt i må gjerast noko med. Dette både for forvaltninga og for kunnskapsgrunnlaget om kor det er dyr i jakta. Slik det er no er det manipulerande å inn i hjortviltregisteret og sjå at det er felt dyr i Bygland eller Åmil, når det ikkje har vore eit reinsdyr der dei siste 15 åra.

ID: 21

Innsendt av: Åsmund Bakka

Innsendt: 04.06.2023

«Har du vore åv», dette er eit uttrykk som har vorte brukt i Suldal i mange generasjonar, dette gjeld sjølvsagt reinsdyrjakta, eller dyra jakt som vert mest brukt av lokale. Dette er uttrykk som eg ynskjer skal verta brukt i mange generasjonar framøve, skal dette verte brukt må me ha dyra. Dyr og folk går dårleg ilag, med utbygginga kom vegane, med vegane kjem folk. Det som før var langt inne i dyraheio, og stort sett berre vart nytta av folk under jakta er no å rekna som dagstur terreng, og oftast er turmålet det beste området for dyra som me har. Mitt forslag er å stengja anleggsvegen så langt heime som råd td ved Sandsavatnet, dei som vil inn i heia kan fylgje Stf sine raudmålte steinar herifrå via Sandsahytta og mot Stranddalen.

ID: 22

Innsendt av: Anonym

Innsendt: 05.06.2023

Du spurde etter innspel eller meiningar om reinsdyrforvaltninga i Dyraheio. Der var ei nettsida ein kunne skriva på, men den veit eg ikkje kor er så eg skriv berre her. Eg meiner at dersom løypenettet og hyttene på austsida av Blåsjø blir fjerna bør også hytta i Grotdalen fjernast/flyttast. Det har eg ikkje høyrte at nokon har teke til orde for, men kanskje eg ikkje har høyrte det. Eg har alltid meint at den hytta aldri skulle vore bygd, blei veldig overgidd og skuffa då det blei gjort. Det blir veldig paradoksalt og merkelig viss den hytta får stå der når Krossvasshytta blir riven sjølv om der blir mindre turistar i løypenettet. Den ligg midt i Dyraheio og reinsdyrtrekk og viss Krossvasshytta blir fjerna trur eg at meir folk går inn til Grotdalen heile året som alternativ. Eg meiner Breidavad bør bli plassen der jegerar har utgangspunkt for jakta, gjerne med ny hytte der viss det er behov. Då blir det som etter gammalt, Steinkilen og Breidavad er dei jakthyttene som ligg lengst inn i heia. Kjem der meir dyr nord- vestover blir område Grasdalsheio, Nøvlenuten og rundt Krossvatnet meir attraktive jaktområde som før. Når det gjeld vegen til Skreivasskleivane meiner eg at enten bør den stengast heilt eller oppgraderast slik at ikkje berre dei med høg SUV kjem seg fram. Vegen blir og brukt av sauesankarar. Blir den stengd heilt og hytta i Grotdalen blir ståande blir det heilt sikkert brukt meir båt, også for dei med høg Suv og båt... Når det gjeld rekrutering til reinsjakt i Suldal som og er gamle tradisjonar, trur eg den hadde blitt betre med lettare tilgang til hytte i Breiavad og område rundt, det er vel og mykje i helgene det

blir jakta nå. Ja, dette var berre nokre tankar eg har hatt lenge, det blir iallefall spennande å følge med framover.

ID: 23 **Innsendt av:** Anonym **Innsendt:** 05.06.2023

Investigate apex predator reintroduction. A program to reintroduce gray wolves back into Yellowstone National park in the US has been successful at improving the ecosystem. The wolves are able to 'manage' the elk population and keep the weaker animals from breeding. This change has also helped other species flourish in the park. The ecosystem is currently managed for the health and 'safety' of the livestock, not the reindeer.

ID: 104 **Innsendt av:** Per Even Tjøstheim **Innsendt:** 05.06.2023

Det er bra at det vert sett meir fokus på tilhøva til villreinen. Håpet er at gode villreintiltak kan stå seg i politiske diskusjonar kor villreinen ofte har vore tapande part, både på nasjonalt og lokalt nivå. Skal ein gjennomføre tiltak som monar vil det merkast, og sterk lut trur eg diverre er det einaste som nyttar for å berge Europa sin sørlegaste villreinstamme. Det gjeld både for turistar og hytteeigarar, men sjølv sagt òg for rettighetshavarar som har ansvaret for å gjennomføre ei god og berekraftig forvaltning av villreinen.

Eg har følgjande kommentarar og forslag til tiltak i nordlege deler av Setesdal-Ryfylke villreinområde:

Forvaltning

Ein må prioritere å få oversikt over kva som faktisk er av total mengde villrein. Setesdal Ryfylke Villreinlag har ein bestandsplan som det blir det blir styrt etter, men kunnskapen om storleiken på bestanden er ikkje tilstrekkeleg. Det blir framleis brukt teljingar frå 2009 i framskrivne statistikkar og i følgje berekningane skulle antal villrein vore høgare enn det ser ut til å vere i dag.

Med dette som grunnlag i avskytingsplanane, er det fleire som meiner at antal fellingsløyve er for høgt i høve til reel mengd villrein. Samstundes fører mange utdelte fellingsløyve til mange jegerar. Dette fører ikkje nødvendigvis til noko effektiv jakt og faren for unødig forstyrning av villreinen aukar. Rett nok er estimert tal på vinterdyr redusert ein del, men det er etter meir eller mindre kvalifiserte observasjonar. Setesdal Ryfylke villreinområde er på grunn av topografien, eit krevjande heieområde å telje og ha oversikt over villrein i, men med dagens ressursar og teknologi bør det absolutt la seg gjere å utføre kvalitetsmessig gode teljingar utan å forstyrre villreinen unødig.

Ferdsel

1. Vegar

For villreinen som er ein arealkrevjande art blir brukande leveområde stadig redusert. Mykje av heia har på grunn av kraftutbygging fått lettare tilkomst gjennom anleggsvegar. Dette har saman med auka hyttebygging i mange av randområda til SRV, ført til at tettleiken av folk relativt langt inne i heia, til tider har auka tilsynelatande monaleg. Ser ein på kartet vinterstid vil ein sjå at heia er mykje større enn kva realiteten er i sommarhalvåret. Ein kan med enkle og lite kostnadskrevjande tiltak få ein liknande tilkomst til heia i sommarhalvåret som på vinteren.

Forslag:

1. Set bom på vegen inn til Blåsjø ved krysset til Osane ved Sandsavatnet og opprett eit nøkkelregime kor det er ope for å nytte vegen for folk i embets medfør i samanheng med

forvaltning, kraftutbygging og grunneigarbruk . Eit tilkomstpunkt til rutenettet til Stavanger turistforening som allereie eksisterar i dag, men som ikkje er veldig mykje brukt, er ved Osane. Dagsturtrafikken til og frå Stranddalen kan skje hovudsakleg frå Saurdal og ikkje Øvre Moen som i dag. Skal ein ha effekt av forslaget om å flytte turistlinje til vestsida av Blåsjø bør ein nok uansett stenge vegen lenger vest. Den enkle tilkomsten til rutenettet og hytter, både Stranddalen og evt. nye hytter i nærleiken av Blåfjell og Vassdalane, vil truleg føre til større dagsturtrafikk sørover i Hjelmelandsheia og nordover mot Skreivass, Grasdalen og Venahei mot Stranddalen. Om ikkje ein stenger anleggsvegen til Blåsjø lenger vest meiner eg det er betre å ha turistlinja på austsida som i dag.

2. Set bom på vegen til Sandvatnet, gjerne ved krysset til Kvanndalen og opprett liknande nøkkelregime som tidlegare nemnt.
3. Set bom på vegen til Blåbergdalen i Røldal med liknande nøkkelregime.
4. Oppretthald stenging av veg til Store Urar

1. Turiststiar

1. Frå nord kan ein sjå på om det er mogleg å styre trafikken frå Haukeliseter og sørover gjennom Kvanndalen. Legg ned ruta og hytta ved Holmavatnet og bygg ny eller bygg ut hytte i Kvanndalen. Ein må nok på grunn av terrenget vurdere vinterruta i dette området. Kan hytta på Holmavatnet kun vere open ein periode vinterstid?
2. Vidare til Bleskestadmoen kan ein nytte allereie opparbeid rute via Sandvatnet.
3. I nordområdet kan ein òg sjå på å legge ned hytta og stien til Sloaros frå Hovden.
4. Ruta frå Bleskestadmoen går vidare sørover til Jonsstølen. For å halde turistlinja ute i randområda føreslår eg å legge ned ruta Jonstølen- Krossvatn/Strandalen og heller legge ny rute frå Jonsølen, nord gjennom Stølsdalen og Dyrskard på nordvestre side av Kaldefjell. Bygg ny hytte i Kvilldalsdalen og etabler merka sti vidare sørover til vegen ved Lauvastølsvatnet som ein kan følgje til Kjetilstadlia/Saurdal kor stien går vidare til Stranddalen.
5. Etter det eg forstår er det lagt fram forslag om ny hytte ved Vassdalane om turistlinja blir lagt på vestsida av Blåsjø. Dette er eit tiltak som truleg vil føre til meir trafikk i eit område som er relativt roleg per i dag. Plassering av ei hytte her, kan òg verte særskilt uheldig om turistlinja blir lagt til vestsida av Blåsjø, utan at anleggsvegen inn blir stengd lenger vest som tidlegare nemnt.

Det vil sjølvsagt vere utfordrande å legge nye, trygge vinterruter, og der det er umogleg å etablere dette må ein sjå på om ein i staden bør bruke gamle vinterruter, evt. vurdere om det på strekningar skal vere vinterrute i det heile.

ID: 105

Innsendt av: NJFF Vest-Agder

Innsendt: 05.06.2023

Innspill til tiltaksplan for villrein i SVR og Austheiene

Vi ser 2 hovedområder for tiltak som kan være til hjelp for bevaring av villreinen

1. det ene tiltaket går på villreinens velferd, og gjelder ferdsel i villreinområder.
 2. det andre, og både vanskeligere og mer kostbare tiltaket går på å bevare/ta tilbake villreinens leveområde.
1.
 - Båndtvang for "ikke-arbeidende" hunder året rundt. Restriksjonsområder eller restriksjoner på trening av hund utenom jakttid.

- Reduksjon i åpningstider for veier som går inn i terrenget
- Reduksjon i organisert ferdsel.
- Redusere antall preparerte løyper.
- Ferdselforbudet fra 25. april opprettholdes i dagens områder. Event. innføres forbudet i nye områder dersom det viser seg at reinen flytter seg til nye/tidligere kalvingsområder.
- Ingen nye ski, sykkelruter eller turløyper inn i villreinområdene.
- Forbud mot kiting i de mest sårbare områdene.

2.

- Ingen nye hyttefelt og stopp i arealutviding av eksisterende hyttefelt.
- Ingen nyetableringer av veier, vindturbiner, vannkraftmagasiner eller andre tekniske innretninger i villreinområdene.
- Legge veier i villreinområder i tunnel. Pr. i dag har vi flere veier og andre tekniske innretninger som bidrar til fragmentering av villreinens leveområde. Veier kan f.eks. legges i tunnel i de mest aktuelle trekkområder. Ikke minst Brokke-Suleskard veien kunne det være aktuelt for.
- Å foreslå sprenging av vannkraftmagasiner seg vi som uaktuelt, men det hadde vært gode tiltak for villreinen. Gamle trakkruter ville kunne tas i bruk. Under tørkeperioden i fjor med «tomme» magasiner gjorde reinen nettopp det.

Tiden er absolutt inne for å gjøre tiltak for villreinen.

Høyst sannsynlig har villreinen allerede for begrensede leveområder til å overleve på sikt.

Hvis vi mener alvor med at vi skal bevare villreinen for fremtiden, så er det ikke tilstrekkelig å forsøke å begrense utbygging, slik vi har gjort hittil.

Det er helt nødvendig at vi begynner å ta tilbake natur nå.

ID: 106

Innsendt av: Per Reidar Spieler

Innsendt: 04.06.2023

Innspill::

- Grunneiere må pålegges å låse sine parkeringsplasser med bom, slik at trafikken i minst mulig grad blir spredt utover verneområdet. Gjentatte «forglemmelser» påtales og kan føre til bot evt. at plassen nedlegges.

Parkering langs veien på eller utenom vikeplasser er jo forbudt og må «umuliggjøres» ved at det lages en grøft på begge sider av veien på strekningen mellom Kvislevannskaret og Roskreppfjorden, som gjør det umulig å kjøre/parkere utenfor veibanen.

Viktig å kunne henvise til et »opsamlingssted «for stopp langs B/S veien . Nåværende stoppested under Roskreppdammen bør kunne gjøres attraktiv for stopp/midlertidig rasting. Dette stedet er kanskje det mest gunstige for villreinen med tanke på ferdsel nord syd i det utsatte område.

- Informasjon om villrein, jakttider, områder med ferdselsforbud/begrensing og kart burde bli satt opp på strategiske plasser. I dag er det kun et skilt som informerer om verneområdet X km - X km når en kjører opp fra Brokke-siden.

- Alle turistløyper øst for Roskreppfjorden må legges ned og blendes.

- Øyvuvsbu turisthytte må flyttes eller legges ned.

- Stavskar og Bossbu turisthytter må få begrensninger i åpningstid.

- Vurdere å stramme inn datoer for når B/S – veien skal være åpen.
- Vurdere antall beitedyr i heia.

ID: 107

Innsendt av: NJFF Aust-Agder

Innsendt: 06.06.2023

Innspill til tiltaksplan for villrein i SVR og Austheiene

Vi ser 2 hovedområder for tiltak som kan være til hjelp for bevaring av villreinen

1. det ene tiltaket går på villreinens velferd, og gjelder ferdsel i villreinområder.
2. det andre, og både vanskeligere og mer kostbare tiltaket går på å bevare/ta tilbake villreinens leveområde.

1.

- Båndtvang for “ikke-arbeidende” hunder året rundt. Restriksjonsområder eller restriksjoner
- på trening av hund utenom jakttid.
- Reduksjon i åpningstider for veier som går inn i terrenget
- Reduksjon i organisert ferdsel.
- Redusere antall preparerte løyper.
- Ferdselsforbudet fra 25. april opprettholdes i dagens områder. Event. innføres forbudet i nye
- områder dersom det viser seg at reinen flytter seg til nye/tidligere kalvingsområder
- Ingen nye ski,sykkelruter eller turløyper inn i villreinområdene.
- Forbud mot kiting i de mest sårbare områdene.

2.

- Ingen nye hyttefelt og stopp i arealutviding av eksisterende hyttefelt.
- Ingen nyetableringer av veier, vindturbiner, vannkraftmagasiner eller andre tekniske innretninger i villreinområdene.
- Legge veier i villreinområder i tunnel. Pr. i dag har vi flere veier og andre tekniske innretninger som bidrar til fragmentering av villreinens leveområde. Veier kan f.eks. legges i tunnel i de mest aktuelle trekkområder. Ikke minst Brokke-Suleskard veien kunne det være aktuelt for.
- Å foreslå sprenging av vannkraftmagasiner seg vi som uaktuelt, men det hadde vært gode tiltak for villreinen. Gamle trakruter ville kunne tas i bruk. Under tørkeperioden i fjor med «tomme» magasiner gjorde reinen nettopp det.

Tiden er absolutt inne for å gjøre tiltak for villreinen.

Høyst sannsynlig har villreinen allerede for begrensede leveområder til å overleve på sikt.

Hvis vi mener alvor med at vi skal bevare villreinen for fremtiden, så er det ikke tilstrekkelig å forsøke å begrense utbygging, slik vi har gjort hittil.

Det er helt nødvendig at vi begynner å ta tilbake natur nå.

ID: 24

Innsendt av: Daniel Homme

Innsendt: 05.06.2023

For at tiltaksplanen skal bli respektert og ikke bare skape konflikt må den også ta hensyn til de lokale som faktisk bor i, bruker og ivaretar området.

ID: 25 **Innsendt av:** Suldal Villreinlag **Innsendt:** 05.06.2023

1: Viktig å ta vare på ei sterk villreinnemnd med god fagleg kunnskap om villrein og dens leveområde .
 2: Generelt bør ein jobbe for å få eit større leveområde. 3: Ein bør vurdere tiltak som reduserer biltrafikk. 4: Aktiv marknadsføring av aktiviteter og turisme i villreinområde bør begrenst. 5: Scooterløype bør samordnast for å redusere antal turar. Det er mange store aktørar innafør vasskraft og nett i vårt villreinområde. Kan dei gjere tiltak for å redusere sin aktivitet? Kan villrein vara ein del av deira risikovurdering? 6: Me treng ressursar til gode teljingar, det er vanskeleg å bestemme bestandstorleik og difor utfordrande å forvalte stamma.

ID: 26 **Innsendt av:** Jan Ove Pytten Flodquist **Innsendt:** 05.06.2023

Flytte Josephsbu til Pytten-området. Josephsbu/Halvordsvatn var eit gammalt kalvingsområde og blir mykje til beite nå., dette gjeld både sommar og vinter. Mellom Olavsvatn og Halvordvatn kjem rienen på trekk når dei skal sørover og nordover att. Denne hytta opna opp eit stort område som skåna for ferdslør. Nå er det eit turmål for mange, særleg vinterstid. Dyra får ikkje fred og spring nordover att.

ID: 27 **Innsendt av:** Bjørnar Bergeland **Innsendt:** 07.06.2023

Innspel til tiltak i verneområdet Ryfylke/setesdals vesthei landskapsvernområdet. Stavanger Turistforeningen har etter som jeg har blitt fortalt blitt tilbudt og overta Statkraft sin hytte på Djupatjønnsnuten. Den hytta hadde vert en perfekt erstatning for Storstein hytta. Da kunne Storsteinshyttene blitt låste av (ikke revet) og ny turisthytte blitt på Djupatjønnsnuten, der er de både strøm og mobil dekning. Da hadde de vært helt naturlig og flytte turistløypa over Storvassdammen og unngå at turistløypa går midt igjennom Steinbuskardet, dette tror jeg er en enkel sak som kan gi stor uttelling. Hytta ligger på en helt fantastisk plass som du ser både Storsteinsvatn, Gyvatn, Steinbuskardet, Blåsjø, Storvassdammen og mye mer. Hvordan STF stiller seg til dette forslaget er jeg ikke sikker på. En annen ting og tenke på er Jakt. En begynnelse er og forby jakt i Statskog sitt område rundt Svartevassmagasinet, både på Vest og Østsiden. Hjelmeland Kommune og Grunneiere i Hjelmeland har hatt et frivilligt forbud mot jakt av villrein, men dette begynner de nå og bli slutt på da både Gml Forsand kommune og Statskog tilbyr jakt i naboterrenget.

ID: 108 **Innsendt av:** Grunneigarane i Breive v/Svanhild Breive **Innsendt:** 05.06.2023

Tiltak for å betre vilkåra for villreinen

Eit av dei viktigaste tiltaka for å betre vilkåra for villreinen er å hindre vidare fragmentering av leve- og beiteområda og, så langt som råd, reversere tidlegare avgjerder som har ført til og vidare vil føre til slik fragmentering. Blant anna må gamle trekkvegar opnast og beiteområder i randsonene må frigjevast til villreinen.

Det kanskje viktigaste tiltaket i så måte vil vere å avvikle flest mogleg av dei preparerte/merka løypene/turstiane som går i terreng over kvote 850m. Dei løypene/turstiane som det likevel blir gjeve løyve til må då leggast slik i terrenget at dei i minst mogleg grad kryssar, eller kjem nær kjende trekkruiter. Forsking frå Nord Canada og Alaska syner at slike løyper/stigar påverkar dyra sin beitebruk i korridorar som avhengig av intensiteten av bruken, og topografien varierar frå 5 til opp til 15

kilometer. Legg ein eit slik kart over områda Setesdal aust- og vesthei, samt Hardangervidda så ser ein at leveområda som villreinen vil ta i bruk er svært redusera. Me meiner det er viktig at dei tre områda (Setesdal Aust- og Vesthei, samt Hardangervidda) vert sett på i samanheng – dei var truleg eit felles leveområde for villreinen før menneskelege skapte hindringar skilde dei. Utveksling av dyr mellom desse områda har vore viktig (og er framleis viktig).

I dei seinare åra har det vore forsøkt å stenge skiløypene i Hovden-området når SNO meiner det er dyr i området (truleg på grunnlag av GPS signal frå nokre dyr). Dette har me sett fleire døme på at ikkje fungerer. Seinast i mars i år kunne me registrere dyreslepe ned Skyvasskaret der dyra tydeleg hadde snudd. Då me ringde dei som hadde ansvaret for løypekøyting så fekk me greie på at løypene skulle stengast om eit par dagar – altså altfor seint! Dei merka dyra har truleg kome litt etter hovudbølingen av rein. Dermed fungerer denne ordninga dårleg og me meiner skiløypene heller bør stengast eller leggast om.

I tillegg bør anleggsvegar som gjev folk lett tilgang til heiområdene meir eller mindre stengast for ferdsel. Eit døme i vårt område er grusvegen inn i enden av Breivevatn. Trekket forbi Veringsnuten i Breive og beiteområdene i Vesterdal og oppå Storenut har i alle år vore viktig trekkroute og viktige beiteområder for villreinen. I dei seinare åra har ferdsel trengt vekk villreinen og me ser sjeldan rein på trekk forbi Veringsnuten lenger – mykje på grunn av ferdsel inn grusvegen i Breive både sommar og vinter. Eit konkret tiltak som nokre av oss har vore inne på er å sette bom ved skisenteret i Breive slik at mesteparten av trafikken vert stoppa der. Då vil ikkje grusvegen inn i enden bli eit så attraktivt turmål. Eit anna konkret tiltak me har vore inne på er å rive brua over kanalen i Breive. Då ville me fått atskilleg mindre trafikk inn i Vesterdal og opp på Storenut.

Vidare foreslår me at tilrettelagte turar og organiserte løp i heiområdene vert forbode. For eksempel har turistforeininga planlagt organiserte turar til Storhedder, i Breive. Ultraløpet som går på hausten er òg eit eksempel på organisert ferdsel som går midt i villreinområdet og bør stoppast. Vidare ser me det som eit problem at Destinasjon Hovden reklamerer med Veringsnuten (og andre toppar i kommunen) som toppurturmål – dette er ein form for organisert ferdsel. Dette er berre nokre eksempel på problematisk organisert ferdsel som bør stoppast.

Hytter og ferdsel i nærleiken av hytter ser me som eit stort problem for villreinen. Fleire av turistforeininga sine hytter ligg slik i terrenget at det å kome til og frå dei betyr kryssing eller nærhet til trekkruoter. Klåre døme på dette er i Breive/Hovden-området hytta ved Sloaros og Tjønnsbrottsbu. Når det gjeld nye hytter, eller nye hyttefelt må desse sjåast på i forhold til heilskapen, og ikkje som enkelttilfelle. Vidare hyttebygging som grensar til trekk og beiteområder må stoppast – det gjeld også allereie planlagde hyttefelt som ikkje er oppført enno. (Me tenker forøvrig at all hyttebygging bør stoppast, eller iallfall kraftig begrensast, då det er menneska som følgjer med hyttene som er problemet, ikkje hyttene i seg sjølv – desto fleire folk desto større område krevst for deira aktivitet.

Vidare meiner me at jakttrykket må ned. Dyra er for det fyrste veldig stressa i jaktperioden (like før paringa). Dessutan verkar det sjølvmodsigande å redusere antal villrein når arten står på raudlista. Ikkje kan me forstå at dette er bra for genetisk mangfald heller. Difor bør andre tiltak prioriterast framfor å redusere antal dyr i stamma.

Sau har og blitt eit problem for villreinen i mange områder, dette på grunn av at areala villreinen (og sauene) kan ta i bruk har vorte mindre (hyttebygging, turisme og vannkraft bør her få skulda). Me ser helst at tiltak vert gjort på andre områder fyrst. Det verkar urettferdig at sauene må trå til sides, mens andre næringar får ture på som dei vil (fordi dei økonomiske interessene er større). I områder

der det er sprett med sau ser ein sau og rein gå i hop. Det er når sau og rein vert pressa saman på mindre areal at problema oppstår.

ID: 109

Innsendt av: Knut Flateland

Innsendt: 11.04.2023

Innspill etter Reinsdyrmøte i Bykle

Pri 1

Forvaltning av Setesdal vesthei sørområde.

Blir der jakt til høsten, då slipper folk frå det området å engasjere seg.. då er det så gått som tomt!
Her MÅ det fredast til føsten!

Her fant dei 240dyr på tellinga i høst, og etter det eg ser så skal dei prøve å ta ut 150dyr!!! Etter det eg seg av bestandsmål, skal der vere 2000dyr i sør og 2000dyr i nord. Nokå der burde vere plass til. Dette MÅ bli pri 1.

Sau vestheia.

Burde stanse all utleige av beite i sørområde, går ein foreksempel langs roskreppfjorden lokter det beint å greit fjos..

om dei ikkje beiter på det samme, så trør dei ned den maten reinsdyra spiser. Med dei tørre sommerene som der er nå så trokke dei i stykker den tørre reinsmosen der er.

Likeins leiter jetaran etter sau langt ut på høsten, mase folk med hunder! Endevender kver krink og krog i fjellheimen. Dette uroer også veldig masse!

Friområde vestheia.

Det er ikkje nok med kun ferdselsforbud med steinbuskardet. Eg meiner at ein burde ha jakt fredning i områda: sandvatn, smalevatn, hovatn, og ljosådalsterenget som er Statskog.

Dette gjelder både reinsdyrjakt, rypejakt, og utleige av Statskog hyttene i område.

Med dette får dyra ei større muligheit til å trekke sør/nord!

Ferdsel i utmark. Vestheia

Her må ein begynne med Statskog som pumper folk inn i heian. Dei selger reinsdyr korta 4-5 ganger, nye jaktlag kjem inn kvar uke å springe heian på kryss og tvers. Dette gjelder også rypejakt.

Her må Statskog selge dyra til kun ein person som har reinsdyrkorta heile jakta. Og kanskje minimum 2 kort/jæger!

Setesdal aust hei.

Nå når kalvinga er så langt nord, nordforbi valevatn i Valle. Og trekker så fort nord forbi fv450, så beiter dei på vinterbeite allerede tidlig på høsten. Dette ser ein tydeleg på det viktige vårbeite nord for Bjørnevatn. Her er det plent aurnaga.

Bestandsmål på 1500 dyr er difår alt for mykje!

Her burde stamma reduserast til Max 7-800 dyr.

Her ser vi også gått at slaktevekten har gått ned dei siste 20-åra. Og an ser også mykje mindre av dei store gamle simlene med store horn. Såg også i år at der har blitt mykje meir fille bukk en tidligare.

Mykje av skulda for dette er grunneigarane sjølve... dei kunstig høge prisane på kort gjer til at alle utleigejægera plukker ut dei største dyra, om det gjelder bukk, simple, kalv.

Veit dette er umulig... skulle vert ein Max pris pr kort!

Trekk område sør for store Bjørnevatn... istaden for å bruke millionvis på å fredning som tildøres Ijosådalen.. burde jo heller pengene brukt til å fjerne hyttene mellom store og lille Bjørnevatn. Her er ein enorm flaskehals, og samtlige hytte burde fjernes. Kun støylsbuer burde stå igjen.

Generell Nedskyting av bukk.

Eg meiner at dei burde sette eit tall. Eksempelvis 100 storbukk. Åsså får dei bestemme dei som veit best og det er 10-12-15% ein må ha. Men sei 100 bukk 10% så skal der vere 1000 dyr.

Lite storbukk jev sein brunst, og sein kalving.. små kalver... små dyr!

Eg meiner også at ein burde flytte grensa frå 3.5år til 4.5år på storbukk på austeheia.

Flytting av kort.

Forby flytting av kort. Er ingen vits å fordele kort pr. areal om folk flytter på korta. Er det eit bra område der det er masse dyr og kvota blir fylt tidleg i jakta på ordinere kort, får dei eit fri område dei kan slappe av på, og slepper og bli elta på heile jakta.

Dette gjelder både aust og vestheia.

Informasjon

Er viktig at alt av informasjon kjem ut i god tid, dette vil si når planlagte tellinga, kor masse dyr dei fant, dele bilder og filmer på div sosiale medier. Informere om planlagte kvoter, og div møter. Merking av dyr osv.

Nå skulle ein tru det var Pentagon som forvalta!

Motorferdsel

Røde kors, forsvaret, skredøvelser, politi, SNO kjører som dei vil. Dette er ikkje holdbart. Ein stakkars grunneigar med hytte inn i verneområde får kun 8 turer i året. Er ikkje rart folk er forbanna.

Kommunen må sette opp nye områder der ein kan utøve skredopplæring og både for røde kors, politi, forsvaret..osv.

Røde kors kun ut på skarpe oppdrag, er dei ikkje kjent blir ein frå fjellredningsgruppa med. Dette må bli loggført inn til kommunan.

Når ein skiturist kan gå inn til bossbu, svårtenut, kringlevatn, stormstein osv. dagleg... og ein grunneigar som uheldig vis har hytte i verneområde kun får ha 8 turer inn i året. På desse 8 turane skal ein sjå til hytta(værhardt område), vedlikehald, og kanskje også få tid til å kose seg på hytta.. ja, då er 8 tura forlite..

ID: 110

Innsendt av: ØiS v/Erik Knudsen

Innsendt: 05.06.2023

Øverst i Sirdal (ØiS) er et samarbeidsutvalg for hytteforeningene i Ådneram, Suleskard og Grydalen-området. Vi jobber med saker som er av felles interesse for hytteforeningene. Vi samler også inn midler til opparbeidelse av løypetraseer og oppkjøring av langrennsløypene i området.

ØiS ønsker å bidra konstruktivt og gi innspill til arbeidet med tiltaksplan for villrein. Utfordringen for oss er at vi ikke helt vet hvilke tiltak faggruppene nå vurderer og jobber med. Vi har lest i media at det vurderes tiltak knyttet til skiløypen i Flatstøldalen, noe som også ble nevnt i innspillsmøte den 23.05.23. Vi vil derfor understreke at Flatstølløypen er en spesielt viktig og flittig brukt skiløype. Friluftsfolket har gått på ski her i generasjoner og det finnes ingen andre traseer i området med en løypeprofil som passer så godt for så mange, inkludert familier med pulk, småbarn, eldre m.fl. Løypen ligger sentralt til, men utenfor verneområdet og utenfor området villreinen erfaringsvis ferdes.

Rundløypen avhenger av at anleggsveien inn til Duge kraftverk vinterstenges. ØiS har derfor hatt en aktiv og god dialog med Sira-Kvina kraftselskap for å minimere brøyting av veien for å gjøre skisesongen lengst mulig. Vi mener at dette bidrar positivt for villreinen ettersom hovedvolumet av skiløpere erfaringsvis holder seg til oppkjørt løypenett, noe som igjen medfører redusert menneskelig aktivitet i verneområdet. Hvis anleggsveien brøytes, eller løypekjøring forhindres av andre årsaker, så vil det etter vår mening føre til langt flere skiløpere i verneområdene og områder der villreinen holder til eller kunne benyttet. Tiltak som forkorter eller umuliggjør oppkjøring av langrennstrasé i Flatstøldalen vil vi derfor advare mot. Tiltak som forkorter brøyting og forlenger skisesong mener vi derimot vil bidra positivt både for friluftsfolk og villreinen.

Tiltak som knytter hyttene i Suleskard bedre på eksisterende skiløyper lengre nede i området vil også kunne være til nytte ved å trekke flere skiløpere unna villreinområdene og inn i etablert løypenett. Ved lite snø/is så har løypemaskinen per i dag problemer med å krysse Flatstølåni og kjøre opp tilførselsløypene fra østsiden av området. En ny bilbro over Flatstølåni, der gammel bro deretter kan benyttes som skiløper/fotgjengerbro som vist i kommuneplan nord, vil eksempelvis medføre at løypemaskinen lettere kan passere elven i starten og slutten av sesongen. Tiltaket må eventuelt drøftes nærmere med aktuelle grunneiere og andre aktører i området slik at man finner omforente og gode løsninger for alle parter.

Vi ser at det i referat 1/2023 fra møte i faggruppe vannkraft, sak 12, står at «Øvre sirdal hytteforening og DNT presser hardt på for å ha tilgang til veien.» Vi er usikre på om det er samarbeidsutvalget Øverst i Sirdal det siktes til her, men vi vil for ordens skyld presisere at ØiS som tidligere nevnt kun ønsker tilgang til første del av anleggsveien vinterstid for å kjøre opp skiløype utenfor verneområdet. I møtoreferatet ser det ut til å være snakk om bilbruk vår/sommer/høst – og vi vil derfor gjerne understreke at ØiS støtter dagens bomregime og plassering av bom i Flatstøldalen. Vi ønsker at veien fortsatt skal være stengt for allmenn biltrafikk. Dette ønsket er også tidligere kommunisert av hytteforeninger som er medlemmer av ØiS, samt aktuelle grunneiere i området. Jf. vedlegg. ØiS mener at fjerning, eller flytting av bom nærmere verneområdet, vil føre til mer uønsket trafikk inn i verneområdet. Per i dag brukes areal og vei i forkant av verneområdet til turer, joggeturer, rulle ski mv. Hvis veien åpnes for allmenn trafikk så vil den menneskelige aktiviteten flyttes lengre inn i fjellet – til større ulempe for villrein og øvrig dyreliv.

Vi registrerer også via media at det vurderes mer utbygging av kraftindustri i Sirdal. I den forbindelse er vi spesielt bekymret for at vindkraftindustri vil medføre nye uheldige inngrep i naturen. Selv om dette eventuelt legges utenfor verneområdet så vil det medføre reduserte muligheter for friluftsliv – og økt menneskelig aktivitet i de vernede naturområdene som gjenstår. Det bør derfor heller fokuseres på oppgradering av teknisk utstyr i eksisterende vannkraftverk o.l. som ikke medfører nye naturinngrep. Naturglade og dyktige ansatte i Sira-Kvina Kraftselskap kan sikkert vurdere nærmere hva som eventuelt kan være mulig og eventuelt hvilke grep som må gjøres/insentiver som må på plass.

ØiS har god kjennskap og erfaring gjennom vår tilhørighet og arbeid i området. Vi har forståelse for at forholdene for villreinen må bedres og ønsker å bidra til dette gjennom nærmere dialog med aktuelle faggrupper og/eller andre som arbeider med tiltaksplanen.

Innspel til tiltaksplan for villrein i Setesdal Ryfylke

Villrein skyr folk som alt anna vilt. Det er ein naturleg frykt som vi som er med å forvaltar og beskattar villreine er nøgd å sjå i dette arbeidet som no ligg føre. Ulla Førre utbygginga på 80-talet har båndlagt mykje av leveområda til villreinen.

Det har teke tid å få opp stammen etter at forvaltninga og grunneigarar valde å skyta ned stammen på 90 -talet grunna kondisjon og størrelse på dyra. Dette parallelt med dei faktorane vi no ser er viktige gjennom GPS merkeprosjektet som NINA har gjennomført og kvalitetsnormer og trafikklyssystemet som no er under arbeid. Det er allereie to generasjonar og snart ein tredje som no arbeider og diskuterer kva som er best å gjere av tiltak for å betre vilkåra. Hovedpunkta i det som er og har vore diskutert er mykje det same. Det vert brukt mykje ressurser både privat og statleg i dette arbeidet. Kor lenge skal vi halda på med det? Det er like mykje meiningar som det er folk. Fleire interesser og kjensler om ein er forvaltar, grunneigar eller privatperson. No lyser det rødt i trafikklyset og dei skriftlærde har sagt sitt. Då er det viktig å leggja interesser og kjensler til side og setje inn tiltak som gjer at vi når kvalitetsnorma. Dei brutale fakta er på bordet når det gjeld ferdsel og menneskeleg påverknad. Ergo må tiltaka samsvare, og vil for fleire interesser måtte medføre konsekvenser. GPS prosjektet peikar på hytter, rutenett og antall passeringar i trekkvegar.

Området Gyvatnet og Storstein har vore eit «freda» område i mange år. Geografien her med Storvassdammem i vest og Botsvatnet i aust gjev ein trang passasje samt ei turisthytte som ligg midt i området. Alle desse elementa påverkar trekket nord-sør og bør vera heilt innlysande for alle samtidig som fagfolk peikar direkte på desse elementa er krevande for villreinen sitt habitat.

Å etablere ny turistlinje på vestsida er krevande geografisk og det er i tillegg ei randsone for bukk som er viktig for bestanden. Vestsida er einaste alternativet i å oppretthalde ei turistlinje sør nord, men då ved at ein bruker eksisterande stiar og hytter.

Motorferdsel på land, vatn og luft er med å forstyrrer villreinen i områda. Dette er regulert frå før, men kan tenkjast at må regulast enno strengare. Det er eit uroelement same korleis ein snur og vender på det om det så er snøscooter, motorbåt eller helikopter som ferdast i området der villreinen søkjer ro og fred.

Villreinen må få «tilbake» område som nærast er fritt for menneskeleg påverknad. Austsida av Blåsjø, Bykleheiene inn til Store Urarvatn og ned til Steinbuskaret i sør må skraverast som pr definisjon fredning for ferdsel utanom i jakttida.

Villreinlaga må vera særns nøye med bestandsplanar og avskyting og jaktutøving. Det er ikkje gjort ei skikkeleg telling av dyr dei siste åra, kun basert på ei såkalla god telling for over 10 år sidan og forhandstal på kor mykje stammen aukar ift det år for år. Mykje tyder på at stammen er mykje lågare dette året enn det ein antok i fjor. Kva er årsaken? Det må ein bruke tid på å finne ut av og gjennomføre hyppigare tellingar i framtida for å få kontroll. Statsalmenningane må også sjå på sine aktivitetar ift påverknaden det har til villreinen i området. Det er sal av fiskekort, rypejakt der det i periodane kan være stor aktivitet.

Når det gjeld tiltak må alle interesser være med å bidra. Dette kan ikkje være frivilleg. Makt og myndighet må i lag med interessene ta ei beslutning og slik blir det. Nokon vært råka meir enn andre, men alle må "gi" sitt bidrag. Skjer det ikkje noko no, kan ein like godt beslutte at vi ikkje ynskjer villrein i Setesdal og Ryfylke, sett litt på spissen.

Forslag til tiltak:

- Stenge hyttene Krossvatn, Vassdaltjørn og Hovatn
- Fjerne Storsteinhytta
- Leggje ned STF sitt rutenett på austsida av Blåsjø frå kryssa i eksisterande nett mellom Strandal/Jonstøl tom Kringlevatn og Litle Aurådalhytta
- Frå Kringlevatn kun turistlinje til Suleskardvegen i Aust
- Frå Litle Aurådal kun eksisterande turistlinje til Nilsebu
- Kompensere STF med hytte på Førreskar eller Førrevass for å oppretthalde forbindinga nord/sør
- Turistlinja nord Sør går frå Strandal-Førrevass-Eidavatn-Nilsebu
- Hjelmeland må åpne opp for turisthytter på Bjødnabu/Skorva/Lyngsheia for å dra nettet og trafikken ut av randsonene. Dette er fine område og inngangsportar til det rutenettet som eksisterer og vert att etter å ha stengt på austsida. Meir tilgjengelig for folk også med tanke på helgeturar.
- Villreinlaga må være særst nøye med telling av dyr, bestandsplanar og avskyting og jaktutøving.
- Rypejakt i utsette/freda område må reduserast/eliminert
- Fiske må vurderast
- Motorferdsel må stramast inn. Kun ein dag pr.år pr år hytte i definert "freda" område for villrein anten det då er scooter, båt eller helikopter. Det skal meldast frå på førehand og etter at tilsynet er gjort.
- Kraftselskapa sine tilsyn må reduserast til eit minimum og det som er nødvendig .

Opsjon:

Nedlegging av STF sitt rutenett og stenging av hytter på austsida av Blåsjø er drastisk og effekten av dette må ein sjå før ein fattar endeleg vedtak. Prøveperiode på 3 år.

ID: 28 **Innsendt av:** Kolbjørn Kvæstad **Innsendt:** 18.06.2023

Suldal. Grusvei inn til Skreivasskleivane kan bli stengd med bom og kodelås,, kun grunneierne til veggen og reinsjegrar får utdelt kode.

ID: 29 **Innsendt av:** Marit Høie **Innsendt:** 21.06.2023

Innspill i ikke-prioritert rekkefølge: 1) Suleskar - Brokke må åpne seinere og stenge tidligere, ref. GPS-prosjektet. Vi bør også fjerne autovernet ved kjente trekkpassasjer, og heller sette ned fartsgrensa der det ikke er autovern. 2) Det må ikke være tillatt med motorisert ferdsel på vann (båter med påhengsmotor). Trodde det var søknadspliktig, men har sikker kildeinformasjon på at det ikke søkes. 3) Ikke tillate beitedyr i villreins kjerneområder. 4) Ikke tillate motorisert uthenting av skutte dyr under jakt. Det er en del av jegerens æreskodeks at en ikke skal skyte mer enn en kan bære med seg hjem. 5) Bredt anlagte informasjonskampanjer for å gjøre situasjonen for villreinen kjent, appellere til folks samvittighet og klima-/naturbevissthet.

Som grunneigarar flest er vi veldig opptekne av å bevare villreinstamma i Setesdalsheiene.

Vi opplever nok at det har vore nedgang i talet og storleiken på villreinflokkane, spesielt etter at forvaltningsmyndigheitene med statsråd Jon Georg Dale frå FrP i spissen for heile bøtteballetten, herunder statsforvaltar, Mattilsyn og Miljødirektorat for ein del år tilbake nedslakta reinen i dei såkalla Nordfjella, sjå klipp frå Setesdølen, nedanfor. Det er truleg at dette også tappar Setesdalsheiene for delar av sin villrein. Så hittil har den største faren for villreinen vore byråkratane og politikarane med lite vit og forstand !

Skal villreinen verte mindre uroa, er det som vil verke best, å redusere den av Turistforeinga si industrialiserte folkevandring i titusental inn i sårbare område. Slik det er i dag vert den lisle gruppa av grunneigarar, som av og til er inne i heiene, bandlagde med søknader og byråkrati, og reelt fråtekne eigedomsretten til eigen eigedom. Dette bør endrast, i forskrifts form.

Elles vil eit beredskapslager av for i vanskelege vintrar kunne vere avbøtande tiltak, slik dei har det i Nord-Noreg, sjå www.nibio.no/nyheter/ny-veileder-om-tilleggsforing-av-rein

- Statsforvaltarens "faglege" prosess

✚ Miljøverndirektør hjå statsforvaltaren i Agder, Ingunn Løvdal, vert i avisa (7. mars) sitert på at statsforvaltaren skal leie ein «fagleg» prosess, og ikkje ein «politisk» prosess, med omsyn til tiltak for å betre leveområda for villrein på vest- og austheia i Setesdal.

LESARBREV

Publisert: 16.03.2023 05:43



Med slike utspel let ho som om kommunane - og ordførar Steinar Kyrvestad i Valle - ikkje skal blande seg inn med «politikk», her skal liksom «fagfolka» dominere.

Kanskje den mest markante framtoning for slikt eit syn, er Kim yongun i Nord-Korea. Han treng ikkje take særleg omsyn til kommunepolitikk eller «brysame» ordførarar kringom i landet. Dessutan er han eit sjeldant veleigna døme på ein «fagmann», og på sosial-darwinismens overlevingsteori! Kommunalminister Sigbjørn Gjelsvik driv sjølv sagt ikkje «politikk» når han utøver sin politikk også over statsforvaltaren i Agder, her er det berre «fagfolk» som er på ferde, veit du! Dette er veldig ulik Olof Palme sin definisjon av «politikk», det var å få til noko – «att vilja».

På internasjonal raudliste

For to år sidan fann Artsdatabanken ut at det var best å setje den norske villreinen på den internasjonale «raudlista» for dyr som er truga av utrydding, etter at det vart konstatert at det var nedgang i talet på reinsdyr på landsbasis. Dette gjeld for villrein som her fell inn i kategoriane «sterkt truga», «nær truga» til «sårbar». Elles vert område med «middels gode» levekår rekna til «gult» på lista, og «grønt» tilseier «gode levekår».

Ein rein med skrantesjuka

I det vide området nord for Bykle-heiane, frå Bykle til Ullensvang, Hol, Nore og Uvdal, Tinn og Vinje, kalla Nordfjella, vart det for nokre år sidan registrert ein rein med skrantesjuka. Deretter fann nokre «kloke hovud» på at det var mest gagnleg å skyte alle reinsdyr i området! Dette skulle styrkje villreinstamma i landet! Dette er nok ikkje «politikk», men «skikkeleg fag»! Den tids landbruksminister, Jon Georg Dale, uttala då at «det hadde vore eit vanskeleg, men viktig arbeid», for dei kunne ikkje take sjansen på at alt vilt vart sjuke i Noreg. «Fagmannen» tala!

Kanskje også i Setesdal

Det skulle ikkje forundre meg om statsforvaltaren i Agder vil gjere det same med Setesdalsheiane: Utrydde villreinen, for då er dei sikre på at det ikkje kjem vandrande villrein med skrantesjuka i Agder som kan smitte både folk og fe. I mellomtida skal nok statsforvaltaren halde fram med å stemple «Nei» på dei fleste sakene dei vert førelagde innan forvaltinga av privat eigedom i innlandsbygdene!

Tarald Rike,

Uppstad, Valle

ID: 30

Innsendt av: Anonym

Innsendt: 26.06.2023

Suldal fjellstyre, kan godt vara strengere med hvem så kan jakte på S statsallmenning,, kun ha jakt for jegrar som er busett i Suldal kommune.,. Dette vil redusere både jaktrykk og jegere i dette område.

ID: 31

Innsendt av: Roy Aanestad

Innsendt: 22.07.2023

Nå har jeg jaktet reinsdyr på Langeids heia i 20 år og di siste årene har det bare blitt mindre og mindre rein og jeg tror dette henger sammen med all turisme og hytte utbygging og foreslår derfor att det må bli svært begrenset med ferdsel i dette område fremover ellers kommer reinen til å forsvinne helt.